



Fylkesmannen
i Aust-Agder

Skjøtselsplan 2012-2022



SKJØTSELSPLAN FOR VIDMYR NATURRESERVAT

Bykle kommune, Aust-Agder



Forside: *Vidmyr naturreservat*. Foto: Astrid Bakke Haavik

Bildet over: *Reinsdyr på Hovden*. Foto: Guri Dale Matzow

Rapporten refererast slik:

Fylkesmannen i Aust-Agder, miljøvernnavdelinga, 2012.
*Skjøtselsplan for Vidmyr naturreservat, Bykle kommune,
Aust-Agder fylke*

Alle kart og kartbaserte figurar i rapporten er laga av Fylkesmannen i Aust-Agder viss ikkje anna er nemnt.

Alle bilet er teke av Astrid Bakke Haavik viss ikkje anna er nemnt.

Ettertrykk av tekst og figurar i denne rapporten er tillat der som kjelde og opphavsrett blir oppgjeve. Bruk av fotografi blir kravd løyve frå fotografen.

Redigering, layout og design: SSR Reklamebyrå

Trykk: Arendal Trykk & Kopi AS


FORORD

Dette er ein skjøtselsplan for slåttemyr på Vidmyr. Vidmyr naturreservat blei verna ved kongelig resolusjon 15.09.1986. Hensikta med skjøtselsplanen er å planlegge restaurering av delar av dei tidlegare slåtte myrarealet.

Denne skjøtselsplanen skildrar kva som er poenget med å drive med myrslått og korleis ein kan restaurere gamle slåtteteigar på Vidmyr. Til slutt innehold planen ein oversikt over eit skjøtselsprogram som kan brukast for å restaurere slåtteareal på Vidmyr, med overvaking og bevaringsmål.


Resultata som blir lagt fram i denne skjøtselsplanen er tilgjengelig for Fylkesmannen i Aust-Agder, og til arbeidet med en samla forvaltningsplan for Hovden Landskapsvernombord, Vidmyr naturreservat og Lislevatn naturreservat.

Arendal, 08.06.2011


Jan Atle Knutsen
fylkesmiljøvernsjef



Utsikt frå Vidmyr over Lislevatn.



INNHOLD

1 Innleiing	5	5 Tiltak	23
1.1 Hensikt med plan og skjøselstiltak		5.1 Kartlegging	
1.2 Slåttemyrar		5.2 Slått	
2 Fakta	7	5.3 Informasjonstiltak	
2.1 Områdeskildring m/kart		5.4 Litteratur	
2.2 Geologi og hydrologi		6 Vedlegg	27
2.3 Vegetasjon, flora og fauna		6.1 Forskrift	
2.4 Kulturhistoriske verdiar		6.2 Artskartlegging	
2.5 Eigenskapar ved slåttemyr			
3 Brukarinteresser	11		
3.1 Jordbruk, reiseliv, beite og jakt			
3.2 Friluftsinteresser			
3.3 Motorferdsel			
4 Skjøsel av slåttemyr	15		
4.1 Vegetasjonskartlegging og utveljing av slåttearal			
4.2 Rydding			
4.3 Slått			
4.4 Oppsamling			
4.5 Kor ofte må ein slå?			
4.6 Skjøtselsplan			
4.7 Tabell over bevaringsmål			
4.8 Truslar mot verneverdiane			



Greppling (*Kalmia procumbens*)

Føremålet med skjøtselsplanen for Vidmyr naturreservat er å få på plass ein plan for myrslått og restaurering av naturreservatet.

1 INNLEIING

1.1 Hensikt med plan og skjøtselstiltak

Mange av verneområda vi har i Noreg har blitt bruka til å hente ressursar frå. Det har vore gjennom fiske, jakt og fangst, beiting, slått eller sinking av bær og nyttevekstar. I mange tilfelle har denne bruken no opphøyd og dei hevdavhengige naturkvalitetane som blei verna kan forsvinne. Ofte er det behov for ulike skjøtselstiltak for å sikre verneverdiane i eit område. Før ein startar med skjøtsel bør ein ha ein plan for skjøtselen og mange verneforskrifter stiller krav om skjøtselsplan.

All skjøtsel skal skje med utgangspunkt i kunnskap om naturkvalitetane som skal ivaretakast. Naturkvalitet, med tilhøyrande bevaringsmål er grunnlaget for å starte skjøtsel og for å vurdere effekten av skjøtsel. Det er viktig at alle skjøtselstiltak blir rapportert sånn at ein i ettertid veit akkurat kva som har blitt gjort.

1.2 Slåttemyrar

Dei fleste jordvassmyrane i Noreg har i tidlegare tider blitt utnytta til slått i større eller mindre grad. Med moderne driftsmetodar forsvann denne praksisen gradvis og eksisterte berre nokon få stader fram til 1950- og 60-talet. Attgroinga av slåttemyr går gjerne langsamt, så fleire myrar ber framleis preg av denne haustinga. Det er særleg kalkrik slåttemyr som har stor betyding for det biologiske mangfaldet med eit stort innslag av

orkidear som trivst i ekstensivt skjøtta areal. I dag kjenner vi til ca 250 førekomstar av slåttemyr med høg verdi i Noreg. Attgroing og mangel på tradisjonell hevd fører til redusert artsmangfald og endring av naturtypen. I berekningar frå Løvseth og Nordby (1980), er 13 % av arealet i Setesdalregionen myrareal. Utmarksslåtter var i tidlegare tider ekstremt viktig i denne regionen og i landbrukstellinga frå 1907 var det rapportert om så mykje som 110000 mål nytta som ”fjellslått” i Setesdal. Dette talet gjeld forutan myrslått også heislått og andre utslåttaar, og inkluderar i tillegg areal som inngjekk i haustingsområdet, men som ikkje vart hausta i rapporteringsåret. I landbrukstellingane frå 1917 blei grunneigarane bedt om å rapportere arealet på dei områda dei slo det året. I 1917, er det registrert nesten 60 000 mål utslåtter i Setesdalen og det må reknast som eit formidabelt areal.

Slåttemyr er med som ein av fem naturtypar i forskrift om utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova (§ 52), fastsett ved kongeleg resolusjon av 12. mai 2011. Forskrifta har som føremål å ta vare på mangfaldet av naturtypar i deira naturlige utbreiingsområde. Det er spesielle tilskotsordningar for skjøtsel i utvalde naturtypar, men for verna areal som på Vidmyr er det framleis berre dei ordinære skjøtselsmidlane som skal brukast. Ordninga med utvalde naturtypar skal gjøre det enklare for kommunar, grunneigarar og rettshavarar, ved at staten samordnar sin prioritering av natur utanfor verneområde. Slåttemyr er omfatta av nasjonal handlingsplan for slåttemark, som DN koordinerer.



Oversyn over Vidmyr sørover frå Lislevatn.

Vidmyr naturreservat er sammen med myrområda lenger nordaust i Hovden landskapsverneområde dei største samanhengande areala med myr i regionen. Dei velutvikla myrkompleksa har strengmyr og bakkemyr med rik mose- og grasvegetasjon.

2 FAKTA


2.1 Områdeskildring

Vidmyr naturreservat (Naturbasenummer: VV00001939), blei verna den 15.09.1986. Vidmyr ligg ved Hovden i Bykle kommune, øvst i Setesdal, er 9583 dekar stort og strekk seg fra 850 moh. til 1100 moh. Saman med myrområda lenger nordaust i Hovden landskapsverneområde er Vidmyr del av dei største samanhengande areala med myr i regionen. Dei velutvikla myrkompleksa har strengmyrar, bakkemyrar med rik mose- og grasvegetasjon. Føremålet med vernet av Vidmyr naturreservat er å ta vare på dette myrområdet med godt utvikla bakke- og strengmyrar. I myrregisteringane til verneplan for myr i Aust-Agder var Vidmyr den einaste lokaliteten som fekk høgaste verneverdi, då det blei rekna som eit område med internasjonal verneverdi (sjå verneplanen).

Bakkemyr er jordvannsmyr i hellende terrenget (over 3°). Finnes fra mellomboreal sone og oppover i fjellet. De bratte bakkemyrene (med helling på mer enn 15°) finnes bare i de mest nedbørrike delene av landet.

Strengmyr har regelmessig veksling mellom lange, smale forhøyninger (strenger) som virker demmende, og våte, flate partier (flarker); disse strukturene ligg på tvers av myras østlige og nordlige deler av Norge, der de kan dekke store arealer.

Illustrasjon av myrtypar i Norge. (Fra Moen 1998)



2.2 Geologi og hydrologi

Bergrunnen rundt Lislevatn og Vidmyr er samansett av om-danna vulkanske og sedimentære bergartar. Dette er såkalla sure bergartar og vart dannar i grunnfjellstida for over 1 milliard år sidan. Nord og vest i Vidmyr naturreservat, langs Skykkjebekken, er det lag i berggrunnen med meir næringsrik metabasalt. Vidmyr naturreservat ligg i ein austvendt skråning av fjellpartiet Stemtjønnutane – Storenos, og strekkjer seg ned til Otra og Lislevatn. Områda langs vassdraget i dalbotnen er relativt flate, men elles stig terrenget i reservatet jamt oppover mot fjellområda vestafor. Området er generelt dominert av botnmorene som er dekka med eit relativt tynt torvlag (ca 1-2 m).

2.3 Vegetasjon, flora og fauna

Hovden har eit typisk innlandsklima med kalde vinrar og varme somrar, men skil seg ut på grunn av møtet mellom planteartar frå ei rekke plantogeografiske regionar. Vegetasjonen på Vidmyr er variert og myra har om lag like store areal med fattig, intermediær og rik vegetasjon. Skog og Landskap kartla markslag i Vidmyr i 2007. Det var berre arealet under tregrensene som blei kartlagt, om lag 55 % av totalarealet. Det er rundt 30 % myr og 25 % lauvskog i reservatet, resten av arealet er anna jorddekt fastmark. I lisida sør i reservatet ligg det nokre kjelder som sørger for rik vegetasjon i sørlege og austlege delar av myra. Vidmyr naturreservat har ein svært rik flora. Her finn ein innslag av suboseaniske artar, nordlege/alpine artar og sørlege/låglandartar. Fattigmyrvegetasjon dominerer med bjønnskjegg og blåtopp som dei vanlegaste artane. Det er også eit rikt innslag av kalkkrevjande låglandsartar som breiull og planteartar som er karakteristiske for eit stort mangfold av myrtypar. Søterot, Bykles kommuneblome, finn ein mykje av i dette området. Brudespore, som er funnen i reservatet, er ein orkidé som er knytt til myrslått.



Stjernesildre.



Tettegras og bjønnskjegg er vanlege plantar på Vidmyr.



Smalsoldogg. Ei kjøtetande plante som trivst på blåte parti i jordvassmyr.

Det er mykje fugl i dei rike skogområda og vierkratta på Vidmyr, som boltit, enkeltbekkasen, rugde, blåstrupe, heipiplerke, ringtrast og lirype. I nærlieken av Lislevatn i nord hekkar raudstilk og siland (eigen observasjon sommar 2010). Fuglelivet er ikkje kartlagt systematisk og ein veit ikkje korleis myrslått har påverka artssamansetnaden eller tettleiken historisk sett.

2.4 Kulturhistoriske verdiar

Vidmyr naturreservat har store verdiar som ei skjøtta myr. Fram til 1950-tallet var det å hente høy frå myrene og andre utslåttar ein viktig del av næringsgrunnlaget for gardsbruk. Utslårter stod for store delar av vinterføret til dyra på gardar i høgareliggende og nordlege strøk der 20-40 % av arealet er myr, som på gardane øvst i Setesdalen. Men med innføring av meir moderne jordbruk og kunstgjødsel slutta gradvis bruken av utmarka til försanking. I dag er skjøtta slåttemyrar eit sjeldan syn, og tidlegare slåtteareal gror igjen med skog og vierkratt. Med dette går vi også glipp av ein viktig del av kulturhistoria i marginale strøk.

Lengst søraust i reservatet og lenger ned mot Hovden sentrum, langs Otra finn ein eit stort felt med kólminer og jarnvinner. Desse er automatisk freda gjennom kulturminnelova og må handsamast etter eige regelverk. Det er ikkje lov å gjere inngrep på eller rundt sjølve kulturminna.

2.5 Eigenskapar ved slåttemyr

Slått har påverka myrøkosistema gjennom mange hundre år. Det gjekk ofte mange år mellom kvar gong myrane blei slått, avhengig av myras produktivitet. Ved å slå forstyrrar ein plantane mekanisk. I tillegg blir dei mikroklimatiske forholda endra ved at ein tek bort strøet, meir lys og varme kjem ned til bakken og det kan auke sirkulasjonen av næringsrikt grunnvatn. Når ein driv regelmessig slått endrar ein vegetasjonen ved å selektere for andre artar enn dei som dominerer i ei uskjøtta myr. Slåttemyrar er særleg kjent for å ha eit rikt innslag av orkidéar som forsvinn om krattoppslaget blir for stort. Brudespore er ein slik art som har blitt funne på Vidmyr. Men slike orkidéar er ikkje favorisert av for kraftig slått heller, så ein må gå varsamt fram. Opne, slåtteprega fattigmyrar er sårbare vegetasjonstypar. Ei rekke av desse fattige slåttemyrane er verna, blant anna i Agder

(Porsmyr NR i Birkenes, Storslåtta NR i Evje og Hornnes, Furbuheii NR og Reismyr NR i Åmli, Farmyrane NR i Iveland, Tranmyra NR i Gjerstad, Jåvnesmyrane NR i Vegårshei), men få slike myrar blir skjøtta i dag for å oppretthalde dei opne, slåtteprega vegetasjonstypane. Myrane gror igjen med dvergbjørk og vier frå kantane. Blåtopp er ein av dei artene som tek over vegetasjonen i dei opne partia etter opphør av slått.

På Sølendet naturreservat, ei rik slåttemyr i Sør-Trøndelag der skjøtsel har blitt drive sidan 1976, førde rydding og slått raskt til auka individtettleik og etter kvart til auka arts mangfald. Tradisjonell slått har dei drive med der sidan naturreservatet blei verna og området er difor den best skjøtta slåttemyra i dag. Ein kan hente mykje kunnskap om korleis ein skal skjøtte ei slåttemyr mest mogleg effektivt herifrå.



Stor, open myrflate på Vidmyr, med lite tuedanning. På slike flatar er det relativt lett å starte opp med slått igjen.



Brudespore. Foto: Sigríð Bjørgum



Skiløype i naturreservatet. Foto: Peter Hermansen


Vidmyr er eit sers godt jakterreng og grunneigarane jaktar elg og rein i området, i tillegg til rype.

3 BRUKARINTERESSER

3.1 Jordbruksinteressar, beite og jakt

På vernetidspunktet var det stort press på dei attverande jordvassmyrane i Noreg. Nytt og effektivt grøfteutstyr gjorde det lett å grøfte myrar til jordbruksføremål og utbygging. Det er særleg dei næringsrike myrane som blei grøfta, for så å bli planta med skog eller dyrka opp. Difor var det viktig å verne dei få intakte og urørde myrane som var igjen, og ein starta opp fylkesvise verneplanar. Det var ein del konfliktar knytte til vernet av Vidmyr, då området var godt eigna til oppdyrkning og grøfting og det var planar om å lage ein flyplass innanfor det føreslegne verneområdet. Sør for naturreservatet ligg Lundebuteigen, eit grøfta jordstykke som er fulldyrka. Dette området blei teke unna vernet på grunn av jordbruksinteressar. Nokre av dei rikaste myrområda på heile Hovden ligg rundt Lundebuteigen.

I dag går det litt sau på beite i området om sommaren, men beitetettleiken er ikkje stor. Grunneigarane jaktar elg og rein i området, i tillegg til rype. Dei rike delane av Vidmyr skal vere eit sers godt rypeterreng med stor tettleik av fugl. Vi har ikkje tal på bestandsutviklinga til rype i dette området. Eit intakt, næringsrikt terreng utan stor påverknad frå generalistpredatorar som raudrev er viktig for rypebestanden.



Folk og dyr har små stiar gjennom naturreservatet, her frå vest i området, der det er tørrare heivegetasjon.

3.2 Friluftsinteresser

Vidmyr grensar til Den norske turistforeining sin sti mellom Hovden fjellstove og Sloaros. Her er det mykje ferdsel i barmarkssesongen. Innanfor vernegrensane er det berre nokre mindre brukte stiar frå folk og sau på beite. Nord i reservatet kan det vere ein del meir ferdsel frå folk som fiskar i Lislevatn. Det ligg to hytter ved Lislevatn som er unнатake vernet, dei er ikkje mykje brukta. Om vinteren kryssar det ei skiløype over Vidmyr og denne blir oppkjørt med snøscooter. Denne bruken er tillede gjennom verneforskrifta (punkt V.6). Bruken av løypa blir regulert av omsyna til villreinen. I løypeplanen til Bykle kommune er det planlagt ei skibru over Otra frå Vidmyr og over til Hovden fjellstoge. Om denne bruha blir liggande heile året vil den sannsynlegvis føre til auka ferdsel i reservatet. Styrarane på Hovden fjellstoge har òg ytra ynskje om å leggje til rette for ein sommarsti som vil gå frå fjellstoga over elva og langs vestsida av Otra. Det kan vere vanskeleg å leggje ein sti her av omsyn til alle dei automatisk freda kulturminna som ligg i dette området.



Friluftsliv i Vidmyr.



Rype. Foto: Jon Erling Skåtan



Rypejakt. Foto: Jon Erling Skåtan

3.3 Motorferdsel


Det er ikkje lov med motorisert ferdsel innanfor grensene til Vidmyr naturreservat. Det blir gitt løyve til oppkjøring av løypetrasear om vinteren.



Skiløype. Foto: Peter Hermansen



Traktorvegen som går langs grensa til reservatet er godt synleg i landskapet, sjølv om han brukast mest av fotturistar. Vidmyr er til høgre for vegen.



Vidmyr naturreservat.

Målet med å starte med slått på Vidmyr er å restaurere eit gammalt kulturlandskap skapt gjennom mange hundre år med drift i utmarka.

4 SKJØTSEL AV SLÅTTEMYR

4.1 Vegetasjonskartlegging og utveljing av slåtteareal

Før ein går i gang med rydding og slått må ein kartlegge dagens tilstand i dei tidlegare slåttemyrane. Eit problem på Vidmyr er at vi per i dag ikkje sitt inne med informasjon om kva for område som har blitt slått historisk sett, anna enn gamle stadnamn som vitnar om slått. Difor må ein basere utveljinga av områder der ein startar med skjøtsel igjen, på vegetasjonskartlegging. Ei vegetasjonskartlegging gjer det også enklare å velje ut dei områda som er best egna for å starte opp att med slått. Dette kan vere areal der ein finn artar som er sårbarer for attgroing eller område som er lite prega av attgroing. I tillegg vil ei vegetasjonskartlegging gje det grunnlagsmaterialet ein treng for å drive målstyrt skjøtsel seinare og for å lage bevaringsmål. Gjennom skjøtselsprosjektet må vi ha oppfølgjande registreringar av dei områda som blir skjøtta. Vegetasjonskartlegging før skjøtselen startar gjev grunnlaget for å seie om tiltaka sikrar bevaringsmåla eller ikkje. Prioritert område for vegetasjonskartlegging er dei sør austlege delane av Vidmyr. Lengst sør aust på Vidmyr ned mot Otra er det mindre aktuelt å drive med skjøtsel på grunn av den store mengda automatisk freda kulturminna ein finn der.

Dei siste undersøkjingane av vegetasjonen på Vidmyr blei gjort i samband med vernet tidleg på 1980-talet og ein treng nye kartleggingar for å finne ut av dagens tilstand. Føremålet med vegetasjonskartlegginga bør vere å finne dei areala der det

er mest naudsynt å starte med skjøtsel og å dokumentere førekommst av sjeldne og skjøtselskrevjande artar. Områda som vert prioritert til skjøtsel bør vere område der ein finn sjeldne artar trua av attgroing, eller område som er lite prega av attgroing og som syner nokre av trekka den tradisjonelle slåttemyra hadde. For å komme i gang med skjøtselen så snart som mogleg, bør den som kartlegg vegetasjonen også i stor grad velje ut dei områda som skal ryddast og slåast. I denne planen er det lagt opp til at ein vel ut fem område (A, B, C, D og E) som kvar bør vere på om lag 20 dekar. Det kan vere vanskeleg å finne så store samanhengande område og det er heller ikkje naudsynt. For å få mest mogleg spreiing i slåtteareaala kan det vere lurt om delområda (A1, A2, osb) ligg litt spreidd i terrenget. Men dette må vegast opp mot transportavstand for folk og utstyr mellom slåtteteigane og transport av gras ut av reservatet. Når ein vel område til slått bør ein også leggje ut fastruter i både område til slått og område som ikkje blir slått. Rutene kan vere 1x1 meter og merkast på ein hensiktsmessig måte og koordinatfestast. Rutene bør plasserast tilfeldig rundt om på slåtteteigen (kan t.d. gjerast ved å dele eit slåtteområde, som gjerne kan ha fleire slåtteteigar, inn i 10x10 meter ruter på kartet, trekke fem tilfeldige ruter og plassere 1x1 meter ruta i nordaustlege hjørne på ruta). Det bør vere minst fem fastruter per område (og helst fem område). I tillegg kan det vere ti ruter i myrområde som ikkje blir slått for å samanlikne artsførekommstar over år. Fastrutene merkast og tal artar og dekning innanfor ruta registrerast første gong ved kartlegging.

Sjølvé kartlegginga bør gjerast med ØK-kart som grunnlag for oppteikning av vegetasjonssoner og skjøtselsområde.

4: SKJØTSEL AV SLÅTTEMYR

Resultatet av ei vegetasjonskartlegging bør innehalde:

- Kart med vegetasjonstypar
- Oversyn over artar og plotting av førekomstar av sjeldne artar som krev skjøtselstiltak
- Område som er prioritert til slått som ikkje krev mykje rydding og forarbeid
- Område som er prioritert til slått der det krevjast forarbeid som rydding, med grad av attgroing
- Rangering av område til slått, frå høgst prioritet til lågast prioritet
- Punkt med plassering av fastruter og nummerering av dei.

4.2 Rydding



Attgroing med vier i ei rik kjeldemyr (døme frå Sølendet).

Når ein sluttar å slå ei myr vil biomasse hope seg opp og det blir danna tuer. Fleirårige veda plantar, som lyng, vierartar og bjørk spreier seg etterkvart inn frå kantane og gjer at myra endrar karakter endå meir. Før ein kan starte å slå er det viktig å definere eit areal og rydde dette nøy for alt som ein ikkje kan ta med slåmaskin. Kratt kan ryddast med øks, ryddeøks og motorisert ryddesag. Låg stubbehøgde og nøyaktig rydding er naudsynt for å ikkje øydeleggje slåtteutstyret. Spinkelt kratt, som til dømes dvergbjørk kan ein la stå igjen, då ein kan ta det med slåmaskin. Enkelte stader kan det vere aktuelt å setje igjen nokre store bjørketre for å lage halvopen slåtteng på dei tørrare areala, som variasjon til opne myrareal. Om det finst historiske prov på ein slik drift på Vidmyr er dette aktuelt. Dette kan også vere aktuelt som ein overgangsdrift om ein må hogge større område med skog for å rydde til slått. Ved slik hogst får ein enormt oppslag av rotskot, noko som kan forhindra at det kan setje igjen $\frac{1}{2}$ - $\frac{1}{3}$ av trea til ein får utarma røtene på dei hogda

trear. Alt ryddeavfall må fjernast og det kan gjerne brennast på eit passande stad. Ein bør avgrense barmarksøyringa til eit naudsnyt minimum, og eit alternativ kan vere å hente ryddeavfall på snø- eller isdekke. Ryddinga må gjerast om hausten etter hekkesesongen og slås påfølgjande år.

4.3 Slått

Føremålet med slåtten er å få ei mekanisk forstyring av plantane som ikkje favoriserer nokre plantar (i motsetnad til beiting) og å fjerne strø. På produktive myrar med mykje og tett strø skjer attgroinga fort og fører til lågare arts mangfald og individtettleik, denne utviklinga blir snudd når ein tek opp att slåtten. Det må ikkje gjødslast eller tilførast næringsstoff på nokon måte. Det bør heller ikkje vere beiting på dei areala som blir slått, då beiting styrer artssamsetnaden på ein annan måte enn slått. Ved vegetasjonskartlegging bør det undersøkast om det er særleg grad av beiting på desse areala og så må ein vurdere om det er naudsnyt å gjerde inn dei slåtte areala for å hindre beitedyra tilgang. Inngjerding vil kunne bryte kraftig med landskapsbiletet og er også kostbart. Ein bør vente med slått til månadsskiftet juli-august, så plantane som veks på myra får bløma.



Døme på open skog med slått på Sølendet.

Når ein skal ta opp at slått på eit areal er det viktig at denne blir mest mogleg lik den opphavlege drifta. Før slo dei med ljå, gjerne med eit ekstra langt blad på dei glisne myrane. Det går også heilt fint an å slå med tohjuls slåmaskin, så lenge reiskapen ikkje blir for tung og myra ber. Dette går utruleg mykje fortare og på Sølendet naturreservat berekna dei at det gjekk sju gangar fortare med tohjuls slåmaskin enn med ljåslått. I gjenomsnitt kan ein slå 2-3 dekar i timen med tohjuls slåmaskin, så ein kan i teorien dekke over 12-15 dekar/dagsverk. Dette må rekna som maksimum for slåtteareala på Vidmyr, då det vil krevje meir arbeid i byrjinga med å bli vant med metoden, rydde vekk attgløymd kratt mv. Det naturlege utgangspunktet for transporter av utstyr inn til skjøtselsområda er ved traktorvegen som går opp til Lundebuteigen. Dei utvalde områda bør liggje så nær opp til denne vegen som mogleg, for å lette transport til skjøtselsområda. Det vil vere fordelaktig om ein byggjer eit skur til å ha slåtttereiskap i, der det høver, utanfor vernegrensa.



Resultat av mange år med skjøtsel på Sølendet. Myra er open og slett, med eit rikt planteliv.



På Sølendet har dei slått med bjelkeslåmaskin i alle år (lengst vekk i bildet), men i det siste har dei prøvd ut ei rotorslåmaskin (nærast) i tillegg. Denne kan vere billegare i drift ettersom knivane er billegare å slipe og skifte og ein erfaren slåttekar kan slå fortare med slik reiskap. Ulemper er at det blir vanskelegare å sjå ting som ligg i vegen (stein, kvist osv) foran maskina og at den har ein litt smalare arbeidsbreidd.

4.4 Oppsamling

Å samle saman graset og frakte det vekk er også nokså tidkrevjande arbeid. Om det er lite strø og føremålet med slåtten berre blir å halde unna kratt og hindre attgroing kan det vere nok å slå og leggje graset igjen. Denne vurderinga bør gjerast ved vegetasjonskartlegging og utpeiking av skjøtselsområda. Manuell raking og vekktransportering tek fort 3 timer arbeid per dekar etter berekningar frå Sølendet. Om det ikkje er for vått kan ein bruke ei venderive montert på tohjulstraktor og spare mykje tid på dette.



Slåtteavfallet kan brennast på faste plassar om ein ikkje finn andre måtar å nytte det på.



Her er ein venderive montert på tohjulstraktor. Den letter jobben med å samle graset, men fungerer best om det er nokolunde tørt.

På Sølendet har dei også prøvd ut å nytte graset ved å presse det til rundballar som før. Her er maskina i aksjon, montert på eit terregngåande kjøretøy.

Det finst også andre tidsbesparande verkty til å montere på tohjulstraktor, som ein liten svans til å samle opp graset med. Det er lettast å ha fleire tohjulstraktorar for å slepe å skifte reiskap så ofte, men dette er sjølv sagt meir kostbart. Uansett må ein ha fleire slåtteknivar tilgjengeleg, slik at ein kan skifte når ein blir øydelagd (skjer rel. ofte når ein slår borti stein eller kvist), så ein får utnytta sesongen best mogleg og slepp å vente på reiskap. Det er ikkje tilrådeleg å bruke større maskinar enn tohjulstraktorar då myra ikkje vil bere dei og ein kan få djupe køyreskadar. Når det har regna mykje er det best å vente nokre dagar, elles kan sjølv lette reiskapar og trakk frå folk føre til skader i vegetasjonsdekket.

Det beste er å få tørka høyet godt så det er brukandes til dyrefôr, men dette krev ekstra innsats, både økonomisk og arbeidsmessig. Tradisjonelt sett blei høyet tørka på bakken, rakt saman og sett i stakk eller lagt i utløer og så kjørt heim på vinteren. Om graset skal nyttast eller ikkje, må det ligge nokre dagar før ein fjernar det, så plantane kan spreie frøa sine. Då kan ein gjerne rake det opp i strengar. Det finst to realistiske metodar for å bli kvitt strøet på Vidmyr. Ein kan samle det opp, anten til fôr eller ikkje, og køyre det ut på vinteren. Eller ein kan samle det opp og brenne på tilviste, faste plassar. Brenning av gras fører med seg mykje røyk og ein bør ta omsyn til fotturistar langs DNT-stien sør for reservatet og andre i nærleiken.

4.5 Kor ofte må ein slå?

I restaureringsfasen kan det vere naudsynt å slå kvart år viss myra er næringsrik. Området for den planlagde skjøtselen, sør på Vidmyr er relativt rik, og det vert lagt til grunn at ein bør slå kvar teig kvart år dei tre første åra, så kvart tredje år i tre omgangar før ein når ein driftsperiode der ein slår kvart femte år. For at arbeidsmengda og kostnaden ikkje skal bli alt for stor

dei første åra av skjøtselen, vert det lagt til grunn at ein ryddar eit område (ca 20 dekar) kvart år og slår dei fortløpende. Om kartlegging underveis syner at det er naudsynt med hyppigare slått den første tida, sett ein dei to siste områda på vent (eller skaffar meir innsatsmiddel) og slår dei tre andre teigane kvar sin gong dei første ti åra til ein får rydda. Det er ønskjeleg å ha minst 100 dekar myr i ein regelmessig suksjon av slått.

Tabell 1: Estimert timeforbruk ved ulike typar skjøtsel på Sølendet (etter Asbjørn Moen, NTNU og Tom Johansen SNO pers. medd.) Tala blir brukt som rettleiande for å berekne tidsbruk på skjøtsel på Vidmyr.

Restaurering	Timer/Dekar
Rydding av tett kratt	5-10
Rydding av glisent kratt	4-5
Gamle arbeidsmetodar	
Breiing etter ljåslått	2
Tørking, oppsamling og transport	3
Slått	
Ljåslått	3-4
Slått med tohjulstraktor	0,5
Raking med vanlig rive, oppsamling og transport til vei	3
Oppsamling med venderive og høysvans til haugar for brenning	1

4.6 Skjøtselsplan

Tabell 2: Timeforbruk på det føreslegne oppsettet. Område syner kva for område som blir arbeida med det året. Timar brukt til dei forskjellige delane av skjøtselsarbeidet er kalkulert ut frå talla i tabell X som er henta frå skjøtselsarbeidet på Sølendet. * framom/ framføre bokstaven tyder at det området skal ryddast det året. ** = to dagsverk; 1,5 i felt 0,5 til rapport

År	Område	Tal område	Dekar totalt	Dekar rydding	Kartlegging /oppfølging	Rydding	Slått	Oppsamling	Totalt
2011					30				30
2012	*A	1	20	20		100	80	60	240
2013	A *B	2	40	20		100	160	120	380
2014	A B *C	3	60	20	16**	100	240	180	536
2015	B C *D	3	60	20		100	240	180	520
2016	C D *E	3	60	20		100	240	180	520
2017	A D E	3	60			240	180		420
2018	B E	2	40			160	120		280
2019	C	1	20			80	60		140
2020	A D	2	40		16**	160	120		296
2021	B E	2	40			160	120		280
2022	C	1	20			80	60		140
2023	A D	2	40			160	120		280
2024	B E	2	40			160	120		280
2025	C	1	20			80	60		140
2026	D	1	20			80	60		140
2027	E	1	20			80	60		140
2028	A	1	20			80	60		140
2029	B	1	20			80	60		140
2030	C	1	20		16**	80	60		156
2031	D	1	20			80	60		140
2032	E	1	20			80	60		140
	...								

4.7 Tabell over bevaringsmål

Naturkvalitet	Bevaringsmål	Truslar	Tilstand	Tiltak
GEOLOGI				
Lausmassar, morenedekke	Behalde den urørde karakteren som på vernetidspunktet	Ingen Utgraving av massar	God	Ingen
VEGETASJON				
Særprega slåttemyr- vegetasjon	Gjenskape slåttemyr som inneholder det mangfaldet og den artssaman- setnaden som har kjenneteikna myra tradisjonelt	Attgroing	Ukjend, truleg delvis attgrodd	Vegetasjonskartlegging, overvaking ved skjøtsel
NATUR- OG KULTURLANDSKAPET				
Bakke- og strengmyr- kompleks	Behalde det naturlege komplekset med uendra hydrologiske forhold og utan slitasjeskadar.	Drenering Ferdsel, spor fra køyretøy.	Truleg god. Lite motorisert ferdsel i området. Effekt av oppkjøring av ski- løyper. Definisjon: God: Utan spor etter ferdsel med køyretøy. Middels: Lite eller moderat omfang av spor. Spora er ikke djupe og har ikke gått gjennom vegetasjonsdekket. Dårlig: Mykje spor. Spora er djupe og har gått gjennom vegetasjons- dekket. Vil ta mange år før dei forsvinn.	Regelmessige observa- sjonar. Hindre danning av køyrespor. Minst mogleg transport av skjøtselmaskinar om det fører til spor. Eventuelt restaurering av spor t.d. tetting av hjulspor og liknande.
Tradisjonell slåttemyr	Minst 100 dekar med slåttemyr skal skjøttast med systematisk slått	Attgroing	Dårlig Definisjon: God = ø 100 dekar i regelmessig slått Middels = 50 dekar myr i regelmessig slått Dårlig = k50 dekar i regelmessig slått	Restaurering, rydding og slått
KULTURMINNE				
Mange små funn etter busetnader	Ikkje ha nokon øydeleggjande inngrep rundt desse kulturminna	Ferdsel, graving, barmarks- kjøring	Uviss	Informasjon

*Vegetasjonskartlegging må til for å fastsetje ønska bevaringsmål.

4.8 Truslar mot verne-verdiane

Slåttemyrar er utsett for drenering, dyrking, gjødsling, inngrep og utbygging. Barmarkskjøring og gjerdanelegg som aukar tråkk og beitepress lokalt kan skade førekostane, men det er attgroing og mangel på hevd som er den største trusselfaktoren innanfor naturreservat. Vegetasjonskartlegging og utveljing av skjøtselsområde vil klarleggje om naturverdiane i skjøtselsområdet er truga.



Kjørespore fra Stråsjøen - Prestøyen naturreservat, Sør-Trøndelag. Foto: Arnstein Engemyr Knutsen



Ung lauvsongar. (*Phylloscopus trochilus*).

Det leggjast opp til tre ulike tiltakstypar; kartlegging, slått og informasjon.

5 TILTAK

Dei ulike skjøtselstiltaka og andre tiltak som det redegjerast for i dette kapittelet har alle hovudfokus på å ivareta bevaringsmåla for Vidmyr naturreservat. Det blir tre ulike tiltakstypar; kartlegging av vegetasjon for vidare utveljing av potensielle skjøtselslokalitetar, slått av dei utvalde områda på tradisjonelt vis og informasjonstiltak om slått og kulturminner i Vidmyr naturreservat.



Greplyng (Kalmie procumbens).

5.1 Kartlegging

Tiltak 1: Kartlegge vegetasjonen og velje ut potensielle skjøtselslokalitetar.

Type tiltak	Kvar	Ansvarleg	Finansiering	Når
Vegetasjonskartlegging og utveljing av skjøtselslokalitetar	Heile eller delar av Vidmyr	FM eller ekstern aktør	FM	2012, ein gong

5.2 Slått

Tiltak 2: Slå utvalde områder på Vidmyr på tradisjonelt vis.

Type tiltak	Kvar	Ansvarleg	Finansiering	Når
Rydde og slå	Utpeika areal (sjå tiltak 1)	SNO eller ekstern aktør	FM/SNO	2012-2020

5.3 Informasjonstiltak

Tiltak 3: Informasjon om slått og kulturminne

Type tiltak	Kvar	Ansvarleg	Finansiering	Når
Informasjon	Sørlege delar av naturreservatet, ved kulturminne	SNO eller kommunen	FM/SNO, kommunen	2012-2015

Folke Nesland i Bykle kommune heldt på med eit stadnamnprosjekt i kommunen og har samla namn i Vidmyrområdet. Mange av desse byggjer på gamle slåtteteigar, utløer og stolar og difor på bruken av utmarka. Informasjon om myrslått og kulturhistorie kan vere fint å kombinere for å illustrere livet på Hovden før i tida. Særleg om ein kombinerer dette med alle kulturminna i området.



Informasjonsplakat i Vidmyr naturreservat. Foto: Peter Hermansen

5.4 Litteratur

- Løvseth, T. & Nordby, Ø. 1980. Landsskogtakseringen 1964-76. Vest- Agder/Aust-Agder. Norsk inst. skogforskning. Ås, 184 s.
- Fylkesmannen i Aust-Agder. 1980. Utkast til verneplan for myrar i Aust-Agder fylke.
- Øyen D-I, Moen A. Sølendet naturreservat. Årsrapport og oversyn over aktiviteten i 2009. NTNU Vitenskapsmuseet. Botanisk notat 2010-3. 38 s.
- Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon. Statens Kartverk, Hønefoss.
- Moen A. 1999. Slåtte- og beitemyr. I Norderhaug A, Austad I, Hauge L og Kvamme M. 1999. Skjøtselsboka – for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Landbruksforlaget, s. 153-165.
- Moen A. 2006: Sølendet naturreservat i Brekken – vern, forsking og skjøtsel. Særtrykk i Fjell-folk: Nr 31
- Gjershaug, J. O., Thingstad, P. G., Eldøy, S. & Byrkjeland, S. (red.). 1994. Norsk fugleatlas. Norsk Ornitologisk Forening, Klæbu.
- Moen, A. 2000. Botanisk kartlegging og plan for skjøtsel av Tågdalen naturreservat i Surnadal. – NTNU Vitensk. mus. Rapp. bot. Ser. 20007-7. 45 s.
- Moen A, Pedersen A. 1981. Myrundersøkelser i Agder-fylkene og Rogaland i forbindelse med den norske myrreservatplanen. Kongelig norske videnskabers selskab, museet. Rapport botanisk serie 1981:7, 252 s.



Utsikt over Vidmyr.

Føremålet med fredninga er å ta vare på eit stort, representativt myrområde med godt utvikla bakke- og strengmyrer som har ein rik flora med eit stort innslag av arter som er plantegeografisk interessante.

6 VEDLEGG

6.1 Forskrift

Forskrift om fredning av Vidmyr naturreservat, Bykle kommune, Aust-Agder fylke.

Fastsett ved kgl.res. 5. september 1986. Fremja av Miljøverndepartementet.

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr. 63 § 8, jfr. § 10 og §§ 21, 22 og 23, er eit område sør og vest for Lislevatn i Bykle kommune, Aust-Agder fylke, freda som naturreservat ved kgl.res. av 5. september 1986 under namnet Vidmyr naturreservat.

Det freda området berører følgjande gnr/bnr: 1/8, 2/1, 2/2 og 2/8.

Reservatet dekker eit areal på omlag 9.700 da.

Grensene for naturreservatet går fram av kart/flybilete i målestokk 1:5.000/ca. 1:5.000, datert Miljøverndepartementet mars 1985. Kart og fredningsføresegne vert oppbevart i Bykle kommune, hos fylkesmannen i Aust-Agder, hos Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast opp i marka. Knekkpunkta bør koordinatfestast.

Føremålet med fredninga er å ta vare på eit stort, representativt myrområde med godt utvikla bakke- og strengmyrer som har ein rik flora med eit stort innslag av arter som er plantegeografisk interessante.

For reservatet gjeld følgjande føresegner:

1. Vegetasjonen, også daude buskar og tre, er freda mot skade og øydeleggjing utover det som følger av vanleg fri ferdsel eller tiltak i medhald av punkta V og VI. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar frå reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Treslagskifte er forbode.
2. For dyrelivet gjeld viltlovas føresegner og forskrifter.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre dei naturlege vekstvilkåra, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, jordkabler og kloakkledningar, bygging av vegar, drenering og annan form for tørrleggjing, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller konsentrerte forureiningstilførsler, plassering av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske plantevernmidlar.
4. Motorisert ferdsele er forbode.

V

Reglane i pkt. IV er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, oppsyns-, sikring-, skjøtsel- og forvaltningsverksemid.
2. Sanking av bær og matsopp.
3. Tradisjonell beiting.
4. Vedhogst til eige bruk for dei 2 hyttene ved vestbreidda av Lislevatn.
5. Vedlikehald og anna naudsynt arbeid på vestre del av damstaden ved utløpet av Lislevatn.
6. Organisert idrettsutøving til fots eller på ski på frosse eller snødekt mark.
7. Lågtflygning i samband med etablering av mogeleg flyplass i søndre del av reservatet.

VI

Forvalningsstyresmakta, eller det organ forvalningsstyresmakta avgjer, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremja føremålet med fredninga. Det kan utarbeidast skjøtselsplan som skal innehalde nærmere retningslinjer for gjennomføring av skjøtselstiltaka.

VII

Forvalningsstyresmakta kan gjera unntak frå fredningsføresegnene for vitskaplege undersøkningar, arbeid av vesentleg samfunnsmessig verdi og i særskilde høve dersom dette ikkje er i strid med føremålet med fredninga.

VIII

Forvaltninga av fredningsføresegnene vert lagt til fylkesmannen i Aust-Agder.

IX

Den makt Kongen har etter §§ 6 og 10 til å fastsetja nærmere reglar om områder og skjøtselen av dei, etter § 21 om merking av fredningar m.v., etter § 22 om regulering av ferdsel og etter § 23 til å gjere unntak frå vernereglane vert overført til Miljøverndepartementet.

X

Desse føresegnene trer i kraft straks.

6.2 Artkartlegging

Artar som blei funnen på synfaringar på Vidmyr av Asbjørn Moen i forbindelse med verneplan for myrar i Agder-fylka.

NORSK NAMN	LATINSK NAMN
Mosar	
Fløyelstorfymose	<i>Sphagnum molle</i>
Fagertorvmose	<i>Sphagnum pulchrum</i>
Heitorvmose	<i>Sphagnum strictum</i>
Stivtorvmose	<i>Sphagnum compactum</i>
Vortetorvmose	<i>Sphagnum papillosum</i>
Dvergtorvmose	<i>Sphagnum tenellum</i>
Rusttorvmose	<i>Sphagnum fuscum</i>
Piperensemose	<i>Paludella squarrosa</i>
Gullmose	<i>Tomentypnum nitens</i>
En flikmose	<i>Lophozia borealis</i>
Stormakkmose	<i>Scorpidium scorpioides</i>
Teppekjeldemose	<i>Philonotis fontana</i>
Skruekjeldemose	<i>Philonotis seriata</i>
Tornemoser	<i>Mnium spp</i>
Karplanter	
Myrsauløk	<i>Triglochin palustris</i>
Bjørnebrodd	<i>Tofieldia pusilla</i>
Flekkmarihand	<i>Dactylorhiza maculata</i>
Brudespore	<i>Gymnadenia conopsea</i>
Nattfiol	<i>Platanthera bifolia</i>
Maiblom	<i>Maianthemum bifolium</i>
Rome	<i>Narthecium ossifragum</i>
Tranestarr	<i>Carex adelostoma</i>
Stivstarr	<i>Carex bigelowii</i>
Gråstarr	<i>Carex canescens</i>
Hårstarr	<i>Carex capillaris</i>
Stengstarr	<i>Carex chordorrhiza</i>
Særbustarr	<i>Carex dioica</i>
Stjernestarr	<i>Carex echinata</i>
Gulstarr	<i>Carex flava</i>
Trådstarr	<i>Carex lasiocarpa</i>
Dystarr	<i>Carex limosa</i>
Småstarr	<i>Carex nigra</i>
Bleikstarr	<i>Carex pallescens</i>
Kornstarr	<i>Carex panicea</i>
Sveltstarr	<i>Carex pauciflora</i>
Frynestarr	<i>Carex paupercula</i>
Flaskestarr	<i>Carex rostrata</i>
Blankstarr	<i>Carex saxatilis</i>
Slirestarr	<i>Carex vaginata</i>
Stormyrull	<i>Eriophorum angustifolium</i>
Breimyrull	<i>Eriophorum latifolium</i>

Torvmyrull	<i>Eriophorum vaginatum</i>	Harerug	<i>Bistorta vivipara</i>
Bjørneskjegg	<i>Trichophorum cespitosum</i>	Engsyre	<i>Rumex acetosa</i>
Skogsiv	<i>Juncus alpinoarticulatus</i>	Bakkesoleie	<i>Ranunculus acris</i>
Ryllsiv	<i>Juncus articulatus</i>	Fjellfrøstjerne	<i>Thalictrum alpinum</i>
Trådsiv	<i>Juncus filiformis</i>	Marikåpe	<i>Alchemilla spp</i>
Heisiv	<i>Juncus squarrosus</i>	Myrhatt	<i>Comarum palustre</i>
Myrfrytle	<i>Luzula sudetica</i>	Mjødurt	<i>Filipendula ulmaria</i>
Engkvein	<i>Agrostis capillaris</i>	Enghumleblom	<i>Geum rivale</i>
Gulaks	<i>Anthoxanthum odoratum</i>	Tepperot	<i>Potentilla erecta</i>
Smyle	<i>Avenella flexuosa</i>	Molte	<i>Rubus chamaemorus</i>
Skogrørkevin	<i>Calamagrostis phragmitoides</i>	Stjernesildre	<i>Micranthes stellaris</i>
Kvassbunke	<i>Deschampsia cespitosa</i>	Gulsildre	<i>Saxifraga aizoides</i>
Geitsvingel	<i>Festuca vivipara</i>	Einer	<i>Juniperus communis</i>
Blåtopp	<i>Molinia caerulea</i>	Lusegras	<i>Huperzia selago</i>
Finnskjegg	<i>Nardus stricta</i>	Stri kråkefot	<i>Lycopodium annotinum</i>
Sløke	<i>Angelica sylvestris</i>	Dvergjamne	<i>Selaginella selaginoides</i>
Hvitbladtistel	<i>Cirsium heterophyllum</i>	Fugletelg	<i>Gymnocarpium dryopteris</i>
Sumphaukeskjegg	<i>Crepis paludosa</i>	Åkersnelle	<i>Equisetum arvense</i>
Føllblom	<i>Leontodon spp</i>	Elvesnelle	<i>Equisetum fluviatile</i>
Gullris	<i>Solidago virgaurea</i>	Skavgras	<i>Equisetum hyemale</i>
Bukkeblad	<i>Menyanthes trifoliata</i>	Myrsnelle	<i>Equisetum palustre</i>
Smalsoldogg	<i>Drosera anglica</i>	Skogsnelle	<i>Equisetum sylvaticum</i>
Rundsoldogg	<i>Drosera rotundifolia</i>	Fjellsnelle	<i>Equisetum variegatum</i>
Jåblom	<i>Parnassia palustris</i>		
Hvitlyng	<i>Andromeda polifolia</i>		
Røsslyng	<i>Calluna vulgaris</i>		
Krekling	<i>Empetrum nigrum</i>		
Småtranebær	<i>Oxycoccus microcarpus</i>		
Blåbær	<i>Vaccinium myrtillus</i>		
Blokkebær	<i>Vaccinium uliginosum</i>		
Tyttebær	<i>Vaccinium vitis-idaea</i>		
Skogstjerne	<i>Trientalis europaea</i>		
Blåfjær	<i>Polygala vulgaris</i>		
Risbjørk	<i>Betula nana</i>		
Hengebjørk	<i>Betula pendula</i>		
Bjørk	<i>Betula pubescens</i>		
Søterot	<i>Gentiana purpurea</i>		
Skogstorkenebb	<i>Geranium sylvaticum</i>		
Tettegras	<i>Pinguicula vulgaris</i>		
Svarttopp	<i>Bartsia alpina</i>		
Øyentrøst	<i>Euphrasia spp</i>		
Stormarimjelle	<i>Melampyrum pratense</i>		
Myrklegg	<i>Pedicularis palustris</i>		
Myrvier	<i>Salix glauca</i>		
Myrtevier	<i>Salix myrsinifolia</i>		
Heivier	<i>Salix repens</i>		
Myrfiol	<i>Viola palustris</i>		
Setermjølke	<i>Epilobium hornemannii</i>		
Hvitmjølke	<i>Epilobium lactiflorum</i>		
Myrmjølke	<i>Epilobium palustre</i>		



Fylkesmannen
i Aust-Agder



Skjøtselsplan for Vidmyr naturreservat

Bykle kommune, Aust-Agder

Fylkesmannen i Aust-Agder
Postadresse: Postboks 788 Stoa
4809 Arendal
Besøksadresse: Ragnvald Blakstadsv. 1
4838 Arendal
E-post: postmottak@fmaa.no
Tlf: 37 01 73 00

www.fylkesmannen.no/aa